



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

## MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

01.02.2024 kl. 15.30- i møterom på kyrkjekontoret.

**Til stades:** Leif Ole Terøy, Aud Grimstad, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Liv Laugaland, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy og Mette Ingvaldstad (sekretær)

**Forfall:** Asbjørg K. Hetlesæter

**Møtande varamedlemmar:** Katrine Stangelo

### SAK 00/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Tilråding:** Fellesrådet godkjenner den utsende innkallinga og saklista

#### Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### SAK 00/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 30.11.2023

**Tilråding:** Fellesrådet godkjenner møteprotokoll med dei endringar som kom fram i møtet.

#### Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### SAK 01/24 ORIENTERINGAR

-Notat frå kommunemøte

Tenesteytingsavtalane skal sjåast på.

I avtale om tenesteyting under punkt 6.9 står det: Auka løns- og pensjonskostnadene som følgje av lønnsoppgjera, skal kompenserast av kommunen på lik linje med andre einingar i kommunen. Søknad om dette vert sendt etter at lønnsoppgjeren er avslutta kvart år.

Vedtak i kommunestyret om at fellesrådet ikkje skal få kompensert for auke i lønn og andre kostnadene.

Etter at kommunen overtok gravplassdrifta er det litt uavklart korleis festeavgift som fellesrådet krev inn skal behandlast. Det blir nærmare behandla i neste møte.

Oversikt over arbeidet med Årdal kyrkje og eit prosjekt rekneskap skal leverast kommunen.

-Personalsituasjonen

Vikar for kyrkjelydspedagog førar til at fellesrådet sparar lønskostnadene.

-Status arbeid Årdal gamle kyrkje

Midtre del av taket er ferdig, nå er det den austre delen som gjenstår. Planlagt oppstart veke 6. Kyrkjeverje er i dialog med Ryfylkemuseet og Riksantikvaren om å kun lage eit lag med kledning, og det kan gje oss noko innsparing økonomisk.

Ryfylkemuseet ønskjer at det skal arrangerast open dag for publikum. Dette skal ikkje belastast økonomisk. Årdal sokneråd skal ta det opp i soknerådsmøte.

-Ønske om informasjonstavle av tidlegare gravlagde på gravplassane

Det er ikkje lov å ha ei informasjonstavle over tidlegare gravlagde iflg. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

-Straumstøtte

Det er ikkje straumstøtte til kyrkjebygg nå.

-Verneplan for gravminne

Det blir ein sak til behandling i neste fellesrådsmøte. Det bør opprettast eige utval til å sjå på vilkåra.

-Prekestolen har ein stram økonomi. Fellesråda er ansvarleg og de ber om at det blir jobba med i sokneråda framover med å skaffe fleire annonsørar.

**Vedtak:** Orienteringar vert tekne til orientering.

#### **SAK 02/24 DRIFTSREGNSKAPSRAPPORT 2023**

Driftsregnskapsrapporten er førebels. Det er sendt inn krav om momskompensasjon i samsvar med revisors godkjenning, kravet er på kr. 855 010,-.

-Det er ynskje om at rekneskap og budsjett ser likt ut.

-Det må opprettast eit prosjektrekneskap for arbeidet med Årdal gamle kyrkje. Arbeidet med kyrkja skal ikkje belastast fellesrådets budsjett. Det er kommune og stat sitt ansvar.

-Konto 16009 diverse inntekter må delast opp for å tydeleggjere kva det er.

-Festeavgift er det litt uavklart korleis skal førast, utgift mot inntekt same år eller periodiserast over 5 år.

Fellesrådsleiar og kyrkjeverje tek dette opp i neste møte med kommunedirektør og ordførar.

**Vedtak:** Førebels driftsrekneskap for 2023 vert godkjent .

#### **SAK 04/24 DRIFTSBUDSJETT 2024**

Driftsbudsjett er sett opp i tråd med erfaringstal og forventa kostnadars og inntekter. Dette kan endre seg i løpet av året da både lønns- og prisvekst er uavklart nå.

Hjelmeland kyrkje bør malast i 2024, treng ikkje vente med å utbetre tårn og spir først.

Det er kome inn eit tilbod, det er ynskje om å innhente eit tilbod til.  
Kyrkjeverje tek kontakt med HMV-tjenester på Hjelmeland.

**Vedtak:** Driftsbudsjett er ein førebels orientering